



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/827 - 17/16149

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

14.08.2017

Høyring - GBNR 57/13 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur- og friluftsområde og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av påbygg til eksisterande bustad - Husebø

Saka gjeld:

Ved søknad journalført 24.7.2017 har Wenche Husebø og Jorunn Idsø søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for oppføring av påbygg til eksisterande bustadhus på gbnr. 57/13. Tiltaket er tenkt plassert som vist på vedlagte situasjonskart og vil ha ein storleik på om lag 30 m² BYA/BRA, og vil innehalde våtrom, opphaldsrom og soverom. Tiltaket skal tilretteleggjast for bruk av rullator/rullestol

Planstatus:

Meland kommunestyre vedtok 17.6.2015 ny kommuneplan (KPA) med rettsleg bindande arealplankart og føresegner.

Gbnr. 57/13 er satt av til landbruk-, natur- og friluftsmål (LNF) i KPA. I tillegg ligg bustaden på eigedomen innanfor byggjeforbodet i strandsona, som vist på arealplankartet. Tiltaket krev difor dispensasjon frå arealformålet LNF og byggjeforbodet i strandsona.

Søknad om dispensasjon:

Søknad om dispensasjon ligg vedlagt. For grunningjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Nabovarsling skjer parallelt med høyringsrunden og eventuelle merknadar vil bli vurdert i samband med handsaming av søknaden.

Dispensasjon:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt dispensasjon frå og frå plan- og bygningslova § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-4 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Bilde
Søknad om dispensasjon GBNR 57/13

Kopi til:

Wenche Husebø

Øvre Kalfarlien 12 5022

BERGEN

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

5020
5020

BERGEN
BERGEN